

SKULESTRUKTUR I NORDDALEN

Rune Øygard, tidlegare ordførar i Vågå og tidlegare nestleiar i Oppland AP, og Trygve Tamburstuen, tidligare statssekretær og vara til Stortinget (AP)

Det fins ingen økonomiske grunnar til å avvikle nokon vidaregåande skule i Norddalen. Norge har pengar nok. Men det ser ofte ut som om det er alt vi har.

Vi lir av mangel på politisk styring, kunnskapsløyse om korleis distriktsutvikling kan lykkast, og mangel på ein radikal fordelingspolitikk. Skal fylkeskommunane drive vidaregåande skular, må dei få pengar til å gjere det viktigaste eit samfunn kan gjere: å gje dei unge ei best mogleg utdanning, slik at dei kan bli gangs menneskje. Og denne utdanning må finnast nærast mogleg der dei bur og veks opp.

Men da må og leiinga av fylkeskommunen ha ei heilt anna grunnhaldning til å drive politikk enn det som kjem fram i intervjuet i GD 14.august. Dei må kjempe med nedgangen i folketal og elevtal i fylket. Det er den viktigaste oppgava fylkespolitikarane har – ikkje godta at ressursrike deler av landet blir avfolka. Sentralisering er inga naturlov.

På 1970 talet revolusjonerte vi vidaregåande utdanning og i løpet av få år auka andel ungdom som gjekk gjennom vidaregåande utdanning fra 15% til 85% av eit årskull. Dette var grunnlaget for ein desentralisert skulestruktur. Det vil vera frykteleg dårlig politikk om ein nå riv ned dette som vart bygd opp for 50 år sidan. Da har ein i røynda resignert for markedskreftene som driv sentraliseringa.

Vi veit korleis vi skal drive distriktsutvikling for å halde oppe busetninga og skape nye arbeidsplassar – det gjorde vi i heile etterkrigstida og fram til 1980-åra. Det er fire hovudpillalarar:

- Kompetanse. Det må finnast gode grunnskular, vidaregåande skular som førebur dei unge for yrkeslivet, og det må finnast desentraliserte tilbod om høgre utdanning. Å leggje ned gode tilbod anten det er i Lom eller på Otta, er sikraste vegen til at nedgangen i folketal fortsett. Her ligg det også ei utfordring til Høgskulen Innlandet som burde engasjere seg langt sterkare i utvikling av det som var sjølve ideen bak distrikthøgskulane.
- Kommunikasjonar. Det må byggjast ut infrastruktur som gjer at det ikkje er ei stor ulempe å bu utanom dei store byane. Norddalen har tunge

transportårer gjennom distriktet. Men jernbana er som ho var for 50-60 år sidan, og utbygging av E6 går altfor sakte. Ved sida av utdanning, er infrastruktur det viktigaste tiltaket for samfunnsbygging. Men vi har dverre ikkje dei sentrale politikarane lenger som kan være dei tunge drivarane for slik satsing. Det er over 100 år sidan Dovrebanen og Bergensbanen vart bygd, med heilt anna redskap enn i dag. Da skjønte dei kor viktig samfunnsbygging jernbane var. Og da var Norge eit fattig land.

- Kapital. Det må finnast reell risikokapital som kan stimulere investeringar i distrikta. Vi må byggje opp att dei distriktpolitiske verkemidla og laga ein ny institusjon for distriktsutvikling – Innovasjon Norge verkar ikkje og tek ingen reell risiko. Samstundes må dei lokale bankane styrkast og få andre rammevilkår enn storbankane slik at dei kan halde fram med å vera risikoinvestorane i distrikta.
- Kultur. Folk treng gode kulturtildob for å skape gode bumiljø. Norddalen har kulturtradisjonar som ingen annan, og ein kunne til dømes tenkt seg å skape ein eigen regioninstitusjon som kan formidle kulturarven innan litteratur og musikk og samstundes få inn dei nye kulturuttrykka som til dømes dei danseoppvisningane som denne helga skjer på Pillarguri.

Dette kan integrerast med skuletilbodet.

Norddalen har unike føresetnader for å leie an i det grøne skiftet som alle snakkar om, men som det skjer veldig lite av i praksis. Vi har godt jordsmonn, mykje skog, mineralar, vatn, eit stort artsmangfold, ein utruleg natur, og sterke fagmiljø til dømes innan mat. For å få dette til, trengs utdanning. Ta eit emne som grønt entreprenørskap, som det er eit skrikande behov for å utvikle kompetanse på og som kan skape ei revitalisering av landbruket, basert på nisjeprodukt.

Vårt parti - Arbeiderpartiet – har ei stolt historie når det gjeld å skape like moglegheiter for alle – uavhengig av kvar du bur. Regjeringa må pressast på dei fire grunnpillarane som vi har nemnd.

Utkantregionane i Innlandet, - Nord- og Midtdalen, Valdres og Nord Østerdal, - må gå i hop for å presse regjeringa til å få ei nasjonal prioritering av desse regionane. Med eigne verkemiddel i forhold til barnehage, transportstøtte, utvida støtteordningar ved bedriftsetableringar, redusert arbeidsgjevaravgift osv. Dette er regionar som har store ressursar og som skaper stor verdi for

storsamfunnet. Men som altså fell akterut fordi vi har sluttå å drive bevisst distriktpolitikk.

Regjeringa må også pressast på å flytte ut statlege institusjonar frå Oslo. Dette har stoppa heilt opp. Men vi veit at dette har vore eit viktig element i distriktsutvikling. Mattilsynet, Kulturrådet og sentrale institusjonar innafor reiseliv er døme på store institusjonar som ville bety mykje for vekst og utvikling i regionen.

Steller vi oss rett, vil Norge bli den grøne oasa for Europa i framtida. Og Norddalen kan være eit eldorado for eit reiseliv som skaper helse og opplevingar. Naturbasert helse i vår region kan bli det som dei norske sanatoriane var for pasientar frå heile Europa for 100 år sidan.

Politikk skal ikkje drivast med kalkulator. Politikk er å ville og å ta i bruk dei virkemidla som skaper eit betre samfunn for folk som bur her.

La ikkje fylkeskommunens utspill føre til større usemje og konfliktar i Norddalen. Gå saman om å presse sentrale politikarar til å sørge for at dei set inn dei verkemidla som er naudsynte for å snu utviklinga i regionen. Senterpartiet tek no opp att slagordet sitt om å ta heile landet i bruk. Arbeiderpartiets nåværande leiing må minnast om den stolte historia. Denne regjeringa kan sørge for at tilbodet forblir og blir styrka. Men det krev også at fylkespolitikarane nå er bestemte på ikkje å rive ned ein av grunnpillarane for utvikling i Nord Gudbrandsdalen.